



Åshild Sjøwall startar Tordis Myklebust i Hauglandkrysset – ho skal springa 1.500 meter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var atskillig fleire som før tok idrettsmerket i Uskedalen enn det er no, men dei som held ut er ein sprek gjeng. Utan å setta opp nokon rangering, må det innrømmast at vi vart mest imponert over Uskedalens klart sprekaste syttieinåring Tordis Myklebust då ho tirsdag sprang 1.500 meter på 8,38 på Døsslandsido.

No har ho teke idrettsmerket 32 gonger sjølv om ho hadde runda 40 år då ho starta på merkejakta! Men typisk nok var ho ikkje heilt fornøgd, for i fjor sprang ho på 7,52!

Sjølve supereldsjelen innan idrettsmerkesaka i bygda er Åshild Sjøwall (70). Om to år vil ho få 50-årsmerket (etter dei nye reglane) og no leiar ho med stor entusiasme idrettsmerkenemnda i ein ny sesong. Ho har "mista" berre eitt år sidan ho tok idrettsmerket for første gong i 1964 og det var på grunn av at ho måtte inn og skifta ein hjarteklaff.



Men heller ikkje i år er ho fornøgd med oppslutnaden – ho etterlyser fleire menn og unge og det ligg førebels an til å bli 10 idrettsmerketakar i år som i fjor.

Idrettslagsleiar Michael Røssland gjekk foran med eit godt eksempel – her er han i svevet i lengde! (Foto: Ola Matti Mathisen)



Førre tirsdagen klarte Åshild krava utan problem og gjennom nålauget den dagen gjekk også Tordis, Kjersti Bråtun, Sissel Yri, Kurt Haugland og Steinar Kroka. Denne tirsdagen gjekk leiaren i idrettslaget Michael Røssland foran med eit godt eksempel ved å satsa på idrettsmerketaking for aller første gang – saman med sambuar Janne Yri. Veteranen Aslaug Lyse klarte også krava og det same gjorde Vivik Rimestad.

Ein liten dugnad måtte til før merkeprøvene – Åshild Sjøwall og Kjersti Bråtun får vatnet bort frå kastringen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

14. og 21. august er det nye merkeprøver i spenst, hurtigheit og styrke på Heio medan uthaldenheitsprøva er meir opp til den einskilde. For her er det fleire moglegheiter - ein kan ikkje berre springa, men også gå, sykla, symja eller dra på fjelltur. Spekteret at aktiviteter er utvida i dei seinare åra.



Kvifor tek ikkje fleire idrettsmerket? Det er det ikkje så lett å finne noko klart svar på, men dei som gjer det har stor glede av det, ikkje minst av å konkurrera med seg sjølve og gjera det betre enn i fjor ! Dette er ein fin måte å halda seg i form på.

Aslaug Lyse klar for kulekast – medan Kurt Haugland følgjer spent med. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Av Ola Matti Mathisen



Aslaug Lyse (til vinstre) og Vivik Rimestad i full fart på 60-meteren.